


# Hegglandsdalen skule bidrog i verdsrekordforsøket

Onsdag var det forsøk på å setja ny verdsrekord i orientering. 70 elevar frå Hegglandsdalen skule gjorde sitt for å bidra.

**Kenneth Svenningsen** kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Publisert 12.05.2016 kl. 15.01. Oppdatert kl. 15.11.

Orienteringsforbund verda over hadde onsdag 11. mai lagt til rette for at så mange som mogleg skulle delta i orientering. Målet var å få registrert meir enn 250.000 deltakarar, og dermed setja ny rekord.




*Hegglandsdalen skule stilte med 70 elevar i rekordforsøket i orientering.*

## Gjer vårt

Leiar i Os Orienteringsklubb, Tommy Sævareid, hadde inga aning om målet var realistisk, men lova at vår lokale klubb ville gjera kva dei kunne for å få registrert flest mogleg deltakarar denne dagen.

- Me står her på Kyrkjeflaten og tek imot løparar heilt til klokka 20 i dag, så får me berre håpa så mange som mogleg stikker innom, sa Sævareid då «Os og Fusaposten» prata med han like etter lunsjtid.

Til då hadde han registrert vel 100 deltakarar.

- Hegglandsdalen skule skal ha mykje av æra for det gode talet. Dei har no hatt med over 70 elevar. Det er eit kjempebidrag, seier Sævareid.

## Resultat neste veke

Om bidraget frå Os og resten av verda held til ny verdsrekord lyt ein enno venta med å få vita til midten av neste veke.

- Det er ei omfattande oppteljing som skal gjennomførast, og deltakarlanda har fått eit par dagar på seg til å senda inn registrerte deltakarar. Me har i alle høve gjort vårt og er nøgde med innsatsen her i Os, seier Sævareid.

0
Tilrå